HJELMELAND KOMMUNE

KODEJAKTA 2018

Kodejakten 2018.indd 1 03.05.18 12:24

DU KAN BLI DOBBELT PREMIERT!

Den største premien er jo å kunne ta seg fram i den flotte naturen vår, men i tillegg kan du også vinne fine premiar.

Kodejakta er nemleg eit tilbod til deg som likar friluftsliv og som gjerne tek imot ei utfordring.

På 10 ulike turmål i Hjelmeland kommune har me plassert ei skilttavle med ein kode for dette området. Nokre er det relativt enkelt å ta seg fram til, medan andre turar er litt meir krevjande.

Turane er graderte slik;

- GRØN – nokså enkel
- BLÅ – middels
- RAUD – litt krevjande

Kvart skilt du finn og kvar kode du noterer i skjemaet ditt, gir deg ein sjanse til å vinna i friluftskonkurransen vår.

Karta viser deg kor kodane er plassert. Det er viktig at du både studerer kartet i denne brosjyren og turkartet ditt, før du legg ut på dei lengste turane. Merk at det også er kartreferanse til kvar kode.

Stiane som er merka av på kartet er ikkje heilt presise. Men med unntak av Middagsåsen, (på tur frå Bjødnabu) og turen til Stora Blåfjell, der denne tek av frå stien til Blåfjellhytta, så er alle stiane merka, eller har tydeleg oppgått sti.

Hugs bandtvang og at du må lukke grindar etter deg.

God tur!

Kodejakten 2018.indd 2 03.05.18 12:24

KONKURRANSEREGLAR

På kartet ser du kvar koden til kvar enkelt tur er plassert. Punktet er merka X. Kvar tur har ein kode som du må notera deg. Du kan berre registrera koden ein gong sjølv om du kanskje går fleire turar til same turmål.

Finn du alle 10 skilta og kodane, så deltek du altså med ti lodd i trekninga om fine premiar. Merk at du likevel må ha funne minst 5 av kodane for å kunne delta i konkurransen om hovudpremien.

Kodane, saman med namn på staden du fant dei, sender du til: eldfinn.austigard@hjelmeland.kommune.no innan 30. september. Hugs namnet ditt, pluss telefonnummer. Lars Monsen vil stå for premieutdelinga i samband med eit biletkåseri i Årdal den 10. oktober kl 19.00.

TAKK TIL

SparebankenVest

for støtte til denne brosjyren

PREMIAR

1. Gåvekort på kr 5 000,-
2. Steikehelle
3. Speilkompass
4. Villmarkstallerk i tre m/bestikk
5. Kartmappe dobbel
6. Kart over Hjelmelandsheiane
7. Tursett, kopp, bestikk osv.
8. Kokesett i aluminium for to personar

TAKK TIL

ENKEL bygg og butikk as

for gåvekort

Har du lyst til å bli kjent med andre turmål i Hjelmeland, sjå: www.ut.no (Hjelmeland), facebook «På tur i Hjelmeland», facebook «Kodejakta 2018» eller www.hjelmeland.kommune.no (turstiar)

Tilretteleggjar: Hjelmeland kommune – Kulturseksjonen
Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland – Tlf: 51 75 00 00
Grafisk utforming: Strandbuen – Trykk: Jærprint as

Kodejakten 2018.indd 3 03.05.18 12:24



BORGARÅSEN - OMBO

Parker som vist på kartet. Stien går rundt Holmavatnet. På Borgaråsen finn du restane av ei gamal bygdeborg. Bygdeborga er eit forsvarsverk frå folkevandringstida, omtrent 500 år etter Kristus. Holmavatnet er ein populær badeplass. Rundturen tek om lag 1 time

UTM-posisjon:
Sone 32V Ø 331155 N 6571529
I desimalgrader: N59.249° - Ø6.0391°



GUNLANUTEN

Gunlanuten er med sine 829 moh, det høgaste punktet på Jøsneset.

Nuten ligg høgt og fritt på halvøya, og er omkransa av tre fjordar, Jøsenfjorden, Ombofjorden og Erfjord.

To alternative ruter:

1) start frå Foss ca 100 moh: følg skogsveg opp bratte bakkar, forbi Fosstemmen til Skiftustølvatnet. Vidare på godt merka sti, forbi tregrensa Grøna Lia. Deretter stig det godt oppover den opne snauheia, langs småvatn og bekkar, opp mot nuten. Lengd ca 7 km

2) start frå Åsland 260 moh:følg merka sti austover forbi Håvehammar og opp forbi Fosstemmen og vidare på gamlestien innover frodige Fossmarka, forbi gamle steindemningar til Skiftustølvatnet. Deretter som rute 1. Lengd ca 8 km

Relativt tung tur, gangtid totalt ca 5-6 t. godt merka.

UTM-posisjon:
Sone 32V Ø 342153 N 6576715
I desimalgrader: N59.2998° - Ø6.2279°



RAUNSTØLVATNET

Ta av frå RV13 ved YX stasjonen på Pundsnes. Start frå P-plass i enden av vegen som går opp til det kommunale industrianlegget på Pundsnes. Fylg merka sti til vestenden av Raunstølvatnet. Ca 2,5 timar tur/retur.

UTM-posisjon:
Sone 32V Ø 338509 N 6565913
I desimalgrader:
N59.2015° - Ø6.172°

EINARS KVILE

Ein kan parkere i enden av Hetlandsvatnet, ved Stemmen. Men her føregår det skogsdrift og all parkering må derfor skje på eige ansvar.
Gå langs Hetlandsvatnet til du møter veg som fører opp til høgre, mot Litlavatnet. Gå opp bakken, på toppen tek du inn til venstre. Det er tydeleg sti heilt inn til Einars kvile. Koden heng på hytta. Du kan fortsetje rett fram frå Einars kvile til du finn skilt som fører deg tilbake til Stemmen. Ca 1,5 t tur/retur.

N59.1602.-Ø6.0737





FISKELØYS

Ta av frå RV13 ved Ingvaldstad og køyr inn til parkeringsplassen ved Geisfjell. Herfrå fylgjer du merka løype mot Glos, men du skal ikkje svinge av frå landbruksvegen opp mot Glos, du skal fylgje vegen vidare innover dalen. Først ved skiltet Kodejakta tek du av frå denne vegen og fylgjer merka sti mot Fiskeløys, der koden er plassert. Ca 2,5 timar tur/retur.
UTM-posisjon:
Sone 32V Ø 340474 N 6564879
I desimalgrader: N59.193° - Ø6.2072°

VIGESTØLSVATNET

Køyr Vormedalsvegen inn til den krappe svingen i Laugalandsbrekka. Her kan du parkere på opplagsplassen like innanfor svingen, som vist på kartet. Herfrå fylgjer du skogsvegen innover til du ser Vigestølvatnet. Her ligg koden. Tørr fin veg.
Tur retur ca 1,5 time.
UTM-posisjon:
Sone 32V Ø 347357 N 6571742
I desimalgrader:
N59.2571° - Ø6.3227°

BJØRKESTØLEN

Start frå parkeringsplass i Målandsdalen (ved gjerdeklyvar nedanom gardstunet i vestre enden av dalen). Fylg merka sti opp til Dritland, sving deretter til venstre (mot vest) ut mot Bjørkestølen der koden er plassert. Ca 2 timar tur retur. UTM posisjon: N59. 6649. Ø 6.1022

MIDDAGSÅSEN

For å finne fram til koden på Middagsåsen (Krohammar) kan du gå både frå Årdal (Røgle) og Hjelmeland (Bjødnabu)
Frå Årdal kan du køyra opp til Røgle og gå langs vegen innover mot Kaldavatnet. Frå P-plassen her fylgjer du raude merke som vil føra deg fram til Middagsåsen på Krohammar.

Frå Bjødnabu fylgjer du stien som går opp ved Bjødnabufossen. Når du kjem opp på myrane vil du sjå Middagsåsen i vest. Her er det ikkje merka, du må derfor få hjelp av kartet ditt.
Frå Røgle, ca 2,5 t tur retur.
UTM-posisjon:
Sone 32V Ø 343790 N 6564232
I desimalgrader: N59.1884° - Ø6.2656°



HIABOLTEN

Start frå Nes i Årdal. Følg STF si turløype mot Viglesdal. Ved Myrstøl tek du av ved stien der du ser skiltet Kodejakta. Følg deretter merka løype opp lia. På toppen går du langs ryggen fram til juvet der Hiabolten heng. Her vil du også sjå ei stor jettegryte.

Frå toppen ved Hiabolten har du vidt utsyn både over Myrstøl og dalen nedover mot Nes. Tur retur Nes ca 3 timar.

UTM-posisjon:
Sone 32V Ø 351365 N 6560193
I desimalgrader: N59.1549° - Ø6.4008°

STORA BLÅFJELL

Denne turen kan du neppe gå før litt uti juli? Sjekk om vegen er brøyta inn til Førrevassdammen.

For å komma til startpunkt for turen må du køyra inn ved Gullingen i Suldal, og så fortsetja på vegen innover til Oddatjørndammen og vidare til P-plass ved Førrevassdammen.

Gå over dammen og vidare på vegen ca 700 m fram til du møter stien som du ser på venstre hand. Fylg denne stien som går mot Blåfjellhytta.

Frå stien må du sjølv velje kvar du vil gå opp mot det høgaste punktet på Stora Blåfjell, der koden ligg.

Her er du 1254 m oh og er altså kommen opp på det høgaste fjellet i Hjelmeland kommune.

Du bør ha godt utstyr og kart, kompass/ gps med på turen. Tur retur ca 5-6 timar.

UTM-posisjon: Sone 32V Ø 371846 N 6579388
I desimalgrader:
N59.3338° - Ø6.7473°



REGISTRERINGSSKJEMA

Nr.	Namn på tur	Besøkt dato	Kode
1	BORGARÅSEN - OMBO		
2	GUNLANUTEN		
3	EINARS KVILE		
4	RAUNSTØLVATNET		
5	FISKELØYS		
6	VIGESTØLVATNET		
7	MIDDAGSÅSEN		
8	BJØRKESTØLEN		
9	HIABOLTEN		
10	STORA BLÅFJELL		

Navn: .....

Adresse eller e-post: .....

Telefon: .....

Kodejakten 2018.indd 11 03.05.18 12:24



Rygarfossen. Foto: Anita Husøy Riskedal

FJELLVETTREGLANE

1. Planlegg turen og meld frå kor du går.
2. Tilpass turen etter evne og forhold.
3. Ta omsyn til vêr- og skredvarsel.
4. Ver førebudd på uvêr og kulde, sjølv på korte turar.
5. Ta med nødvendig utstyr for å kunna hjelpa deg sjølv og andre.
6. Ta trygge vegval. Kjenn igjen skredfarleg terreng og usikker is.
7. Bruk kart og kompass. Alltid vit kor du er.
8. Vend i tide, det er ingen skam å snu.
9. Spar på kreftene og søk ly om nødvendig.

HJELMELAND NATURLEGVIS

Hjelmeland kommune, Vågavegen 116,
4130 Hjelmeland – Tlf: 51 75 00 00
postmottak@hjelmeland.kommune.no